



Statens vegvesen

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
22/137703-2


Dykkar referanse:
202211253-2

Vår dato:
17.11.2022

Svar – høyring av søknad om konsesjon for bygging av Mauranger 2 kraftverk med overføringer – Kvinnherad kommune i Vestland

Vi viser til oversending datert 07.07.2022. Frist for merknad er 25.11.2022.

Statkraft Energi AS søker konsesjon for opprusting/utviding av Folgefonnanleggene ved bygging av Mauranger 2 kraftverk, Blådal og Svartedal pumpestasjonar, i Kvinnherad kommune, Vestland fylke.



Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan, statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem.

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafiksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss høve til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

Statens vegvesen sitt innspel i saka

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Vi har gått gjennom konsesjonssøknaden for å sjå om tiltaket har konsekvensar for riksveg, vegkulturminne eller nasjonale turistvegar. Etter det vi kan sjå har planen ikkje det. Statens vegvesen har heller ingen planlagde nye vegprosjekt i området som vert påverka av tiltaket.

Vegeigar av fv. 49 og 500 er Vestland fylkeskommune. Vi føreset at dei også har fått tilsendt konsesjonssøknaden. Omsøkte tiltak vil påverke fylkesvegane og trafikken langs dei. Vi vil oppmode til å ta kontakt med dei for dialog når det nærmar seg byggestart.

Ut over dette har vi ikkje merknader til søknaden.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Oddvar Skrede
fung. seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN